

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

24.09.08

HØYRINGSFRÅSEGN OM EVALUERING AV ABM-UTVIKLING

Vi vil med dette koma med nokre merknader og synspunkt på DIFI rapport 2008-09:
Evaluering av ABM-utvikling.

Som eit regionalt folkemuseum er vi ein typisk brukar av ABM-utvikling sine tenester, og som ansvarleg museum for eitt av nasjonale museumsnettverka her vi eit spesielt forhold til denne delen av institusjonen sitt arbeidsområde.

Vi er samde med DIFI i at det er tenleg med eit felles utviklingsorgan for ABM-sektoren og at samarbeidet med ABM-utvikling i det daglege fungerer godt. Vi har inntrykk av at forvaltningsoppgåvane vert skjøtta på ein ryddig måte. Det vi likevel har mest føeling med, er institusjonen sitt arbeid med utviklingsoppgåver. Dette er viktig for små fagmiljø som våre. Vi kunne gjerna tenkja oss at ABM-utvikling kunne vera endå meir aktive med fagleg basert bistand til brukarar som oss. Sjølv sagt er vi klar over at ressurstilgangen er ein avgrensande faktor for kor omfattande slikt arbeid kan vera. Med omsyn til våre spesielle erfaringar som nettverksansvarlege, vil vi meina at sidan desse nettverka vart etablert som ein av to berebjelkar i museumsreforma, har ABM-utvikling hatt for lite fokus på oppfølging av nettverksarbeidet. Stordelen av ABM-utvikling sitt arbeidet med denne reforma har vore knytt til konsolideringsprosesser.

Vi ser på etableringa av ABM-utvikling som eit ambisiøst grep, først og fremst for å styrka samordninga mellom tre sektorar med svært mange felles trekk, men med kvar sine tunge tradisjonar og kvar sin profesionalitet.

Evalueringa av ABM-utvikling bør såleis leggja stor vekt på om ein har lukkast i desse målsetjingane. Dette er sjølv sagt eit tungt og langsiktig arbeid. Det viktigaste synspunktet vi ynskjer å formidla i denne fråsegna, er at vi ikkje tykkjer arbeidet med å styrka samordninga mellom dei tre sektorane har kome så langt som ein kunne forventa ut frå dei intensjonane som låg i ABM-meldinga og i andre dokument knytt til etableringa av ABM-utvikling. Vi har også eit inntrykk av at ABM-perspektivet har vorte nedtona til fordel for det sektorspesifikke i den seinare tida. Dette vert for så vidt stadfest i DIFI-rapporten. DIFI ser ut til meina at dette kan vera fornuftig, fordi ”en samordning innen hver enkelt sektor er en forutsetning for å lykkes med med en samordning på tvers av abm-sektorene, og konkluderer med at ”den viktigste funksjonen ABM-utvikling har, trolig er å være den nasjonale og nøytrale aktøren som, i kraft av dette, kan bidra til å samle aktørene innenfor hver enkelt sektor.”

Vi er ikkje overtydde om dette er ein rett konklusjon. Det må vera råd å ha trykk på samordnings- og samarbeidstiltak mellom sektorane, samstundes som ein konsoliderer kvar einskild sektor. Dersom ein tek ABM-meldinga på alvor, og ABM-utvikling var meint å vera det sentrale organet for å implementera målsetjingane i meldinga, er det vanskeleg å sjå at ABM-utvikling har gjort ein god nok jobb på dette heilt sentrale feltet. For eit museum som oss, står ABM-utvikling fram med ein profil som ikkje skil seg mykje frå den Norsk Museumsutvikling hadde.

Med helsing

Aage Engesæter
Direktør